

# Årsmøte Flora Turlag

Torsdag 30.november 2023, Comfort Hotell kl. 19 00. Det var registrert 31 røysteføre medlemmar blant dei frammøtte.

Flora Turlag ved styreleder Bengt Solheim Olsen ønska velkommen og gjekk så på saklista.

## 1) Godkjenning av innkalling

Innkallinga var samråystes vedtatt.

## 2) Godkjenning av sakslista

Saklista vart samråystes vedtatt.

## 3) Val av møteleiar

Rolf Bjarne Sund vart samråystes valt som møteleiar.

## 4) Val av to møtesekretærar

Anders Myklebust og Karen Nilsen vart samråystes valt som møtesekretærar.

## 5) Val av to til å skrive under protokollen

Kristin Orre og Torfinn Søvik vart samråystes valt til å skrive under protokollen.

## 6) Styret si årsmelding

Bengt, leiar i Flora Turlag, tok årsmøtet gjennom årsmeldinga.

Merknad om at overnattingar på Børabu rettast til 52, og at det i årsmeldinga blir retta ei takk til sponsorane med namneliste på kven dei er. Vidare var det påpeikt at 2 samlingar med Husflidslaget med reparasjon av tur klede ikkje var nemnt. Det var også påvist feil ved antal turdeltakrar på nokre turar og spesielt manglar på Barnas Turlag sine turar. Det må rettast opp.

Merknadane blei tatt til vitande. Årsmeldinga blei samråystes vedtatt.

## 7) Årsrekneskap

Sunniva, rekneskapsansvarleg, gjekk gjennom tala i rekneskapen.

Det kom merknad om måten rekneskapen blei ført på, og at ein til dømes ikkje kunne finne korleis sikringshytta på Gjengnabu blei ført. Det blei påpeikt at rekneskapen bør daterast slik at ein ser for kva periode den gjeld, og burde ha vore eit organisasjonsrekneskap.

Merknadane tatt til vitande. Årsrekneskapen blei samråystes vedtatt.

## 8) Budsjett og handlingsplan for 2024

Sunniva gjekk igjennom budsjettet for 2024. Bengt gjekk gjennom handlingsplan 2024.

Det kom merknad om at det vil komme inntekt frå utleige av lagringsplassar for kajakkar. Tur

& kultur må inn i handlingsplanen, og det må vurderast å få i gang torsdagsturane som går litt raskare enn tysdagsturane. Det jobbast også med ein sti frå Grøndalen til Svartevatnet og Svartedalen. Merknadane tatt til vitande. Budsjett og handlingsplan blei samråystes vedtatt.

#### **9) Presentasjon av Presteholmen**

Bengt gjekk gjennom presentasjonen.

Det var sendt inn forslag frå Dag Eliassen om at årsmøte gir sin tilslutning til den avtalen som er inngått mellom DNT Sogn og Fjordane, og Flora Turlag om kjøp av naust på Prestholmen. Avtalen blei framlagt årsmøte, med gjennomgang av tilhøyrande informasjon kring Prestholmen og tippermidlarsøknad. Saka var opp til voting utan innvendingar frå årsmøtet og blei samråystes vedteke.

#### **10) Fastsetting av turavgift for 2024.**

Bengt presenterte styret sin innstilling. Merknad om at det ikkje blei kravd avgift for ikkje-medlemmer på korte dagsturar som tysdagsturane.

Styret sitt forslag vart samråystes godkjent.

#### **11) Fastsetting av losji prisar for 2023**

Bengt la fram forslag til vedtak frå styret: Flora Turlag følgjer DNT Oslo og omegn sine prisar og reglar på hyttene, men har eigne prisar for å booke heile hyttene.

Signe Nordvik reviderte sitt innsendte forslag til:

	Medlem	Ikkje-medlem
Vaksne	200	400
Ungdom 12-15 år	100	200
Born	0	0
Dagsbesøk pr. pers	35,-	80,-
Dagsbesøk pr. fam	65,-	80,-
Heile Gjegnbu	2 000,-	3 000,-
Heile Kinn	2 000,-	3 000,-
Heile Børabu	1 000,-	1 500,-
Heile Blåbrebu	3 000,-	4 000,-

Signe sitt forslag blei vedtatt av årsmøte med 19 mot 12 stemmer.

#### **12) Innspelt sak. Endring av vedtekter.**

Vi har fått innspel på endringar i vedtektena. Vedtektsendringar må ha 3 månadars varsling.

Styrets forslag om å innstille saka til neste årsmøte blei samråystes vedtatt.

#### **13) Innspelt sak . Midlar til sti på Kinn.**

Styret er positive til å støtte tiltaket, men løyver ikkje midlar til det no.

Styrets forslag samrøystes vedtatt.

**14) Innspelt sak. Sommarrute til øyane med forlenging til skulestart.**

Forslag frå Signe om å sende uttale til Skyss om saka blei vedteke.

**15) Val av styret sin leiar**

Bengt Solheim-Olsen vart samrøystes valt som styreleiar (1 år)

**16) Val av styremedlemmer for 2024**

Valnemnda si innstilling:

Hilde Knudsen	medlem	nyval	(2 år)
Rene Korneliussen	medlem	nyval	(2 år)
Sunniva Geithus	medlem	ikkje på val	
Karen Nilsen	medlem	ikkje på val	
Heidi Humlestøl	varamedlem	nyval	(1 år)
Maria Benæs Hunvik	varamedlem	nyval	(1 år)

Det kom innspel på å neste år få inn ein representant frå tysdagsturane.

Valnemnda sitt forslag vart samrøystes vedteke med kommentaren over.

**17) Val av valnemnd**

Anders Espeseth	nyval
Toralf Otnes	ikkje på vall
Gyda Folketal	ikkje på val

Valnemnd samrøystes valt.

**18) Val av revisor**

Alvdis Solvang tok attval som revisor for eitt år.

Revisor samrøystes valt.

**19) Val av to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte**

Forslag til vedtak: Styret får fullmakt til å utpeike nokon frå styret når dette er konstituert.

Vedtaket blei samrøystes godkjent.

Vi gjer merksam på at alle vedlegg som vedkjem årsmøtet ligg på FT sine heimesider. Takk til som deltok på årsmøte, med gode diskusjonar og refleksjonar!

Florø, 7. desember 2023

Karen Nilsen

[Karen Nilsen \(Dec 7, 2023 22:25 GMT+1\)](#)

Karen Nilsen

Møtesekretær

Anders Myklebust

[Anders Myklebust \(Dec 8, 2023 10:51 GMT+1\)](#)

Anders Myklebust

Møtesekretær

Kristin Orre

[Kristin Orre \(Dec 14, 2023 17:56 GMT+1\)](#)

Kristin Orre

Signatur møteprotokoll

Torfinn Søvig

[Torfinn Søvig \(Dec 18, 2023 10:34 GMT+1\)](#)

Torfinn Søvig

[Torfinn Søvig \(Dec 18, 2023 10:34 GMT+1\)](#)

Torfinn Søvik

Signatur møteprotokoll